



# Nyheitsbrev frå Fjaler kommune juli 2024

Vi har ei målsetting om å informere jamleg om det som skjer i kommunen. Her informerer vi om aktuelle saker som er av interesse for alle som jobbar i kommunen.

## «God sommar» - Sommarhelsing frå kommunedirektøren

Sommaren står for døra, og det er med stor glede at eg vil rette ei hjarteleg helsing til dykk alle. Det har vore eit krevjande, men også eit sær s givande år så langt. Dykkar innsats og engasjement har vore avgjerande for at me har kunna tilby innbyggjarane i kommunen dei beste tenestene, også i tider med store utfordringar.

No håper eg at de alle vil få anledning til å nyte ein velfortent sommarferie. Bruk tida til å samle krefter, vere saman med familie og vener. Det er viktig at me tek vare på oss sjølve slik at me kan kome tilbake med ny energi og glød til hausten.

Eg vil takke kvar og ein av dykk for det arbeidet de legg ned og for den positiviteten og stå-på-viljen de viser kvar einaste dag. De er alle uvurderlege for Fjaler kommune.

Eg ønskjer dykk ein riktig god sommar!

## Kommuneplanen sin arealdel er no endeleg vedteken!

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har vore ein langdryg og krevjande prosess. Det kom til nye moment og innspel undervegs i heile prosessen noko som gav behov for ytterlegare utgreiingar og vurderingar.

Det har vore gjennomført fleire folkemøte og ein har hatt 4 høyringsrundar før planen endeleg vart vedteken no i mars.

Planen gjev langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet som heilskap samt for bruk og prioritering av arealressursane.

Planen er bygd på og er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel, og føresetnadane som blei fastsett i planprogrammet. Kommuneplanen sin arealdel er no framtidsretta og eit godt styringsdokument for å imøtekomme kommunen sine framtidige behov.

Ny plan gjev og tydlegare føringar for byggesaker som igjen vil gje ei meir effektiv og betre handsaming av byggesaker.

## To nyttilsette på teknisk kontor

Tom Børge Strømmen er tilsett som ingeniør med fagansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunen sin infrastruktur innan veg, vatn og avløp.

Niklas Kustaa Aarnio er tilsett som arealplanlegger. Han har fagansvar for plan og hovudoppgåvene vil vere utarbeiding og oppfølging av kommunale planar og prosjekt.



Tom Børge Strømmen



Niklas Kustaa Aarnio

# «Berekraftig omstilling» - Deltaking i KS læringsnettverk

I konkurranse med andre kommunar i Vestland Fylke er vi inviterte til å vere med i KS og Statsforvaltaren sitt læringsnettverk. Arbeidet i nettverket som varer gjennom kommunestyreperioden skal mellom anna styrke kommunane sin evner til å finne løysingar, jobbe ilag (involvering og medverknad) og styrke langsiktig strategisk og økonomisk planlegging.

Dette passar oss veldig godt i høve det pågåande arbeidet for å betre den økonomiske situasjonen.

## Ny rektor Våge skule

Det er gledeleg at vi har tilsett ny rektor på Våge skule. Ho startar opp 5. august. Ho heiter Hilde Sognnæs Strandos og er opprinneleg frå Lavikdalen. Dei siste åra har ho vore assisterande rektor på Naustdal Barne- og ungdomsskule. Vi takkar Anne Erstad som var fungerande rektor utover den tida ho hadde tenkt. Det er kjekt at skulen som nettopp feira 40 års jubileum no har fått på plass ny leiar.

## Aktivitetskalender

Fjaler kommune har ein aktivitetskalender på nettsida

<https://fjaler.foreningsportal.no/kalender?past=1>

Du finn den også lett ved å gå inn på heimesida og finn boksen Aktivitetskalender i ein grøn boks under søkefeltet . Her finn du også oppdatert liste over alle frivillige organisasjonar i kommunen.

Alle frivillige organisasjonar kan legge inn sin aktivitet. Kontakt Ingeborg Tysnes på epost: [iot@fjaler.kommune.no](mailto:iot@fjaler.kommune.no) dersom du ynskjer tilgang.

<b>Barnas Turlag Fjaler</b> Barnas Turlag Fjaler er ei undergruppe av Indre Sunnfjord Turlag og rettar seg i hovudsak mot born i alderen 0-12 år. ☎ 90994421 ✉ <a href="mailto:j_heggoy@hotmail.com">j_heggoy@hotmail.com</a> 🌐 <a href="http://www.facebook.com/groups/2...">www.facebook.com/groups/2...</a>	<b>Bjergelandet småbåtlag</b> ☎ 95886945/99502221 ✉ <a href="mailto:bjergelandetbathavn@gmail.com">bjergelandetbathavn@gmail.com</a>	<b>Butikknemnda i Dale</b> Paraplyorganisasjon ☎ 99610449 ✉ <a href="mailto:erik.dale@eninvest.net">erik.dale@eninvest.net</a> 🌐 <a href="http://www.facebook.com/pages/cat...">www.facebook.com/pages/cat...</a>
<b>Cantus</b> Cantus er eit blandakor for vaksne med medlemmer frå inn i fjorden, Dale og Flekke ut til Tysse og Straumsnes, som øver onsdagar ☎ 93486096 ✉ <a href="mailto:dagunn.bortheim@eninvest.net">dagunn.bortheim@eninvest.net</a> 🌐 <a href="http://www.fjaler.kyrkja.no/index.ph...">www.fjaler.kyrkja.no/index.ph...</a>	<b>Dale bygdekvinnelag</b> ☎ 4127 6166 🌐 <a href="http://bygdekvinnelaget.no/lokallag/...">bygdekvinnelaget.no/lokallag/...</a>	<b>Dale båteigarlag SA</b> Dale båteigarlag SA vart skipa den 20.05.1968. Laget skal ta vare på medlemane sine interesser, så langt det gjeld båthamn. ☎ +47 916 62 659 ✉ <a href="mailto:sletteland@hotmail.com">sletteland@hotmail.com</a>
<b>Dale Barnekor</b> Kor for barn frå 3. - 7. klasse på Dingemoen skule Styreleiar 2020: Solveig Nitter ☎ 40464426 ✉ <a href="mailto:soleseg@yahoo.no">soleseg@yahoo.no</a> 🌐 <a href="http://www.fjaler.kyrkja.no/index.ph...">www.fjaler.kyrkja.no/index.ph...</a>	<b>Dale idrettslag</b> ☎ 99017852 ✉ <a href="mailto:daleidrettslag@gmail.com">daleidrettslag@gmail.com</a> 🌐 <a href="http://www.daleil.no/">www.daleil.no/</a>	<b>Dale Musikkorps</b> ☎ 91101482 ✉ <a href="mailto:selbakken@icloud.com">selbakken@icloud.com</a> 🌐 <a href="http://www.facebook.com/dalemusi...">www.facebook.com/dalemusi...</a>

## Sansehagen ved sjukeheimen

Sansehagen er rusta opp og har fått nytt og etterlengta gjerde. No er det trygt å ferdast i hagen, og det er mindre støy frå riksvegen. Flott utført arbeid av vaktmeistrane! No kan brukarar og tilsette gle seg over fine dagar i hagen i sommar.



## «Fjaler Utvikling» - Organisering av næringsarbeidet

Representantar for dei folkevalde, administrasjonen i Fjaler kommune og frå Fjaler Næringsutvikling (FNU) har siste halvåret jobba med å finne ei løysing for organisering og finansiering av næringsarbeidet med utgangspunkt i strategisk næringsplan 2023-27. Arbeidet er støtta av Sparebankstiftinga Fjaler som vil bli ein viktig medspelar i finansiering av framtidige utviklingsaktivitetar.

Status for arbeidet er at vi i første kommunestyremøte etter sommaren, planlegg å presentere ei løysing for etablering av eit nytt selskap ilag med FNU som er næringslivet sin medlemsorganisasjon. I arbeidet der vi har hatt god hjelp frå firmaet Canoe har vi ilag med representantar frå næringar og organisasjonar har vi kome fram til tre «ministerpostar» til å møte dei behova i Fjaler kommune som ein næringsorganisasjon skal jobbe med – næringsminister, samhandlingsminister og kommunikasjonsminister. Dette er eit spennande utviklingsarbeid som vi kjem til å høyre meir om utover hausten. Vi har utruleg mange kvalitetar i Fjaler så vi har stor tru på at dette kjem til å bli veldig bra.

## Ny kommuneoverlege

Det er tilsett kommuneoverlege i interkommunalt samarbeid mellom Sunnfjord, Fjaler og Hyllestad. Vertskommune er Sunnfjord. Den nye kommuneoverlegen heiter Bård Lilleeng og byrja i stillinga 01.04.24



## «Plan for planarbeid» - Fjaler kommune sin planstrategi er lagt ut på høyring

Planstrategien fortel noko om kva planar vi skal jobbe med i kommunestyreperioden og kva som er viktig for å få til den utvikla som vi ynskjer. I samband med arbeidet med planstrategien, har vi laga ei dokument – kalla «kunnskapsgrunnlag» som viser utviklingstrekk og utfordringar i vår kommune, og som er utgangspunktet for dei vurderingane vi har gjort når det gjelder planbehovet framover.

<https://www.fjaler.kommune.no/tenester/naring-og-samfunnsutvikling/kunngjeringar-hoyringar/>

## Arnarsonmila 2024

Fjaler kommune meldte i år på fleire lag på Arnarsonmila. Vi håper at dette vert ein tradisjon og at vi får med fleire lag til neste år! Under ser du ein sprek gjeng frå frå heimetenesta og miljøtenesta.



Med helsing

Ola Hovland

Kommunedirektør